Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10. Fylke: Austagder

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Holt

Emne: Lynging og mosing Bygdelag: Dalen

Oppskr. av: Lars Fosstveit Gard: Fosstveit

(adresse): Holt um Tvedestrand G.nr. 57 Br.nr. 17.

A. ~~Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.~~

B. ~~Eller om~~ Den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I kystdistriktet (skärkrinsen) Strengereid sydvest i Holt var det for ein 75-80 år sidan ganske alminnelig å sanke lyng. Det vart gjort um våren når det minka på anna for.

Så dro menn og kvinner avgarde til lyngheiene. Somme röska lyngen upp med hendene. Mannfolka brukte helst ljå. I eldste tid stuttorv.

Lyngen vart som regel boren heim i sekker. Vegen var oftast ikkje so lang og böra lett.

Både hest, ku, sau og geit fekk lyng. Helst blanda i höiet. Nokon tok samstundes knoppar (brom) og so blanda dei saman lyng, kvistknopp og skav som då var ein heil herrerett for dyra.

Andre hakka lyng og kodde mjöl på og ga det som söype.

2617

Kor mykje lyng dyra fekk kan eg ikkje svare på. Det kom jo mykje an på kor mykje anna for dei hadde ved sidan av.

Eine reknar lyngen berre for eit skralt naudfor og difor har eg heller ikkje höyrd at nokon har brukt lyng så seint som etter 1900.

Det var jo ikkje so svært mange sekker lyng som vart henta heim ad gongen. Difor la dei helst lyngen på låvegolvet so han var lett å ta når dei skulde finhakke han. Og det gjorde nok dei fleste.

Lyng som beite trong ein ikkje her. Krötera fann nok betre saker når dei kom ut i skogen um våren.

Mose har eg aldri höyrd at nokon i Stolt har bruka til for.

Uppl. um lyng og mose har eg fått frå fleire.
Mest og best frå Ola Kveldstea
skogsmann. ca. 75 år.
som og har vore eit beite leksikon når det gjeld, lauving, beit og brann.

2617
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING